

Send di støtte til Stemneplassen og du kan vinna 5 sekker ved.

09.05.2020



Audun Eik syner fram den fine veden som ligg i lad og turkar under pressening.

**Styret i Uskedal Friluftslag går nye vegar og vil fram til 1. september samla inn midlar til drift og vedlikehald på Stemneplassen. Dersom du gir ei støtte på kr. 100,- og meir, er du med på trekking av 10 sekker ved. To personar på lista vann kvar sine 5 sekker med turr og fin bjørkeved. Veden kjem frå Stemneplassen, frå ei stor bjørk som stormen tok i vinter. Innsamlinga kjem mellom anna i staden for den årlege friluftskonserten, som inntil vidare er avlyst grunna koronasmitten.**

I mange år hadde Uskedal Friluftslag noko ein kalla Vener av Stemneplassen. Innbetalingar på kr. 100,- og oppover gav kvart år ei inntekt på mellom kr. 5.000,- og kr. 10.000,-. Det var gode pengar for å dekkja faste kostnader som straum, vassavgift og forsikring. Medlemslaga betalar årspengar.

No vil ein prøva med eit vedlotteri. Audun Eik har skore opp og kløyvd veden og lagt i sekk. No ligg dei 10 sekkene i lad og turkar under pressening.

**Alle som er med på innsamlingsaksjonen fram til 1. september i år, er med i trekkinga. Som sagt: To vinnarar med 5 sekker ved kvar.**

**Du kan bruka bankkontonr. 3460 07 53659 eller VIPPS nr. 605565.**

Uskedal Friluftslag takkar for støtta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Styret i Uskedal Friliftslag har mange gode tiltak på gang for å inspirera til og betra drifta på Stemneplassen.